



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
16.09.2013	55510/2013	Henny Totlandsdal

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
	Fylkestrafikktryggingutvalet	24.09.2013

### **Spissa satsing mot ungdomsulykker - retta mot risikoutsette unge menn**

#### **Bakgrunn**

Med utgangspunkt i Møre og Romsdal sin Trafikktryggingstrategi for 2013-2022 og Handlingsprogram for samferdsel 2013-2022, er det satt av midlar i årets FTU budsjett til å starte planlegging av ei spissa satsing for trafikktrygging mot høgrisikogrupper. Eit av tiltaka i Handlingsprogram for samferdsel for 2013 er "Starte planlegging av Rett på målgruppa (RPM) - spissa haldningsskapande trafikktryggingssopplegg for den risikoutsette aldersgruppa 16-24 år. "

I Sør-Trøndelag har FTU og deira samarbeidspartar utvikla eit tiltak spesielt retta mot denne målgruppa. Tiltaket er kalla RPM – rett på målgruppa. RPM er eit pilotprosjekt som er finansiert av FTU Sør-Trøndelag og no prøvd ut to gonger med evaluering etter den første gjennomføringa.

RPM er eit spesielt pedagogisk program, som består av 6 ulike samlingar og som har blitt gjennomført på ei mindre gruppe manlege unge førarar i alderen 16-24 år. Det pedagogiske opplegget og dei tema som er valde ut på samlingane, er basert på kunnskap om ungdom som omhandlar både sosiokulturelle, psykologiske og nevrobiologiske forklaringar til deira kjøreåtferd og åtferd generelt.

Ein har her nytta profesjonelle aktørar og fagpersonell på ulike arenaer med direkte relevans til dei utfordringar og den problematikken dei representerer i trafikken. Denne heilskapen og samansetninga av aktiviteter har ikkje vore gjennomført tidlegare. RPM rettar seg mot dei som har ei sterkare bilinteresse enn ungdom flest. I Sintef sin evalueringsrapport blir det konkludert med at "RPM har potensiale til å påvirke målgruppen gjennom en læringsprosess som kan bidra til en bedret selvregulering av kjøreåtferden i risikoreduserende retning."

#### **Vurdering**

RPM er eit ferdig konsept frå Sør-Trøndelag, men kan tilpassast lokale forhold i Møre og Romsdal. Ein må da forplikte seg til å følgje det pedagogiske opplegget som er utarbeida, og vidareutvikling/godkjenning av endringar vil skje i samarbeid med Sør-Trøndelag fylkeskommune og deira ressurspersonar.

Dette er eit omfattende og kostbart prosjekt, som vil nå ut til få risikoutsette ungdommar. Fordelen er at vi ikkje vil få store utviklingskostnader når vi kan ta i bruk eit ferdig utvikla prosjekt, og tilpasse dette til lokale forhold. FTU Sør-Trøndelag har brukt om lag 2,5 mill over to år, på å utvikle konseptet samt å

gjennomføre to prøverundar av tiltaket. Det har ikkje vore mogleg å få klare tall på kva som er utviklingskostnader og kva som er driftskostnader i dette. Ein del av desse kostnadene vil og gjelde merkevarebygging og evaluering. For Møre og Romsdal sin del vil det ikkje bli dei same kostnadane.

Sidan Sør-Trøndelag er i drift med tiltaket, har dei investert i utstyr som Møre og Romsdal har moglegheit å få i stand ein leigeavtale på i staden for å kjøpe. Når det andre kostnader som til dømes frakt og reise, kan vi i enkelte tilfeller få høgare kostnader. Dette vil gjelde frakt av leigd utstyr og leige av fagfolk som vi ikkje har tilgang på her i fylket.

Det omtala prosjektet vil rette seg inn på den målgruppa som ein i Trafikktryggingsstrategien og Handlingsprogram seier ein skal prioritere. I Sintef sin evalueringsrapport blir det konkludert med at "RPM har potensiale til å påvirke målgruppen gjennom en læringsprosess som kan bidra til en bedret selvregulering av kjøreatferden i risikoreduserende retning". Det er sjølvsagt ei viss usikkerheit knytta "potensiale til å påverke" og effekten i forhold til dei midlar som vil gå til eit slikt prosjekt.

Møre og Romsdal fylkeskommune finn likevel at prosjektet kan ha ein klar trafikktryggingseffekt og tilrår at ein går vidare i utforminga av eit forprosjekt. For å kome i gang med eit forprosjekt vil neste steg i denne prosessen vere å få på plass ein prosjektleiar. Finansiering av å engasjere/leige inn ein prosjektleiar i 2013 vil kunne dekkast innanfor årets budsjett medan kostnader neste år må leggest inn i budsjettet for 2014.

Det første som må plass er ein prosjektleiar, som skal ha ansvar for kontakten med RPM si prosjektgruppe i Sør-Trøndelag, samt utarbeide planar og etablere prosjektorganisasjon og dei team med ressurspersonar som ein treng her i fylket. Her må vi anten engasjere ein person i forprosjektperioden (ca 6 mnd) evt leige inn konsulentfirma. Oppdraget består i å utarbeide eit ferdig konsept for Møre og Romsdal og kostnadsrekne dette.

#### **Forslag til vedtak:**

Fylkestrafikktryggingsutvalet vedtek å starte arbeidet med eit forprosjekt og ber administrasjonen om å få på plass ein prosjektleiar for inntil 6 mnd. Kostnadane blir å dekke innanfor FTU si budsjetttramme. Det er ein klar intensjon om å kome i gang med hovedprosjektet i løpet av 2014.

Arild Fuglseth  
samferdselssjef